

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Dykkar ref.:039/19

Vår ref.: ard16018

Bergen: 16.08.19

Side | 1

## INNLEVERING AV OPPDATERT MATERIELL FOR DELALJPLAN STØLSMARKA PLANID 1263-201607

Med dette sendast det inn oppdatert materiell etter vedtak i PMU i sak 039/19.  
Tiltakshavar er:

Nordhordland bibelsenter as  
v/David Engebretsen  
Alvermarka 43,  
5911 Alversund

Planområdet er på 16 daa.

I samband med vedtaket i PMU vart det vedtatt ulike tilhøve som måtte utgreiast/rettast opp.

Planen er omarbeidd etter desse tilbakemeldingane og vi svarer her ut kvifor framlegget som no sendast inn har fått den utforminga som no ligg føre.

### Vedtaks punkt frå PMU:



1. Opning for å flytte barnehage til BKB3 takast ut av plandokumenta, føresegna endrast.	1. OK - barnehage vert ikkje flytta til BKB3. Plankartet er endra til at barnehage no er vist i BBH.
2. Del av BKB3 som skal vere uteområda bør endra arealbruksføremål frå «kombinert busetnad og anlegg» til «grønstruktur» (til dømes friområde)	2. Arealet BKB3 er endra til føremålet BUT/uteopphaldsareal og skal nyttast til uteareal for skulen. Vi meiner BUT blir rett føremål med endringa.
3. Krava om rekkjefølgje må innehalde krav til opparbeiding og ferdigstilling av nytt uteareal (BKB3) før det kan gjevast løyve til bruk av nye bygg/anlegg i planområdet (BKB1 og BKB2)	3. OK. Rekkjefølgjekrav er no sett inn i § 3
4. Opparbeiding og ferdigstilling av uteområde på BKB3 må skildres i planen, men bør omsøkjast særskilt.	4. Området BUT er omtalt i planskildding, pkt. 8.5, og i føresegnene, § 3 og § 5.3. I føresegner er det omtalt kva som kan tilretteleggast.
5. Det skal ikkje vere parkeringsareal på BKB3	5. Parkeringsareal tilretteleggast opp mot BUT. I planskildding er det omtalt kva endringa tyder for tiltaket. Parkering er delvis flytta vekk frå skule og barnehage med betre tilrettelegging for mjuke trafikkantar. Vi meiner løysingane i framlegget er betre for området.

6. Trafikkanalyse ved innføring av planen, trafikkforhold internt i byggefelt og trafikkforhold frå kommunal veg ut/i kryss til Fv.565.	6. Trafikkanalyse er utarbeidd og ligg til grunn for løysingane.
7. Parkeringsbehov i høve til skulestorleik og type aktivitetar i forsamlingshuset.	7. Parkeringsbehov er svart ut under pkt 8.6 i planskildringa og i tatt inn i føresegnene, § 6.5.1.
8. Skildring av mulig forsamlingshus, storleik og bruk.	8. Omtalt under pkt. 1, 3.2., 8.1 og 11 i planskildringa
9. Skildring av trafikktryggleik i overgang frå skuleområde til nytt uteområde og parkeringtilhøve.	9. Er omtalt under pkt. 8.5. i planskildringa og i føresegn 6.2.2.
10. Skildring av storleik på uteområde i høve til elevtal.	10. Er omtalt under pkt. 8.5 i planskildringa.
11. Krava i Forskrift for Miljøretta helsevern for skule og barnehage må vera stetta i planen.	11. For å kunne få drive skule er det ein føresetnad at skule følgjer det som står i forskrifta. Skulen har vidare fått godkjenning inntil 196 elevar med uteområda ein har i dag.

**Oversikt over endringer som er gjort i planmaterialet:**

**Endringer i plankart:**

- Tidlegare føremål rundt skule, barnehage og grøntområdet som var regulert til kombinert bebyggelse og anleggsformål (barnehage, undervisning, forsamlingslokale) har fått nytt føremål; undervisning, barnehage og uteoppfallsareal. Dette føremåla er i tråd med dagens bruk og skal unngå å skape usikkerheit om kva som er tenkt innanfor planområdet.
- Nordlege del av grøntområdet i sør er regulert til parkering i samsvar med intensjonen i planarbeidet. Innkøyring til dette parkeringsarealet er flytta frå Stølsmarka til Lyngmarka for å unngå konflikt mellom elevar som skal krysse Stølsmarka for å kome til grøntområdet innanfor BUT.
- Krysset Stølsmarka/ Alvermarka er ikkje regulert stengt, ved at gangveg kryssar vegen, som tidlegare. Tidsavgrensa stenging av krysset i skuletida er sikra i føresegnene.
- Tidlegare gangveg, f\_SGGT, ved skuleområdet i nord er teke ut, då det allereie er gangareal langs skuleområdet i dag. Dette tidlegare gangarealet er sikra innanfor BU1 og BU2 (areal for undervisning).



**Endringar i føresegnene:**

- 3.1: er presisert meir kva som bør vere minstekravet for opparbeiding av BUT
- 5.2.3: presisert at fleirbrukshallen innanfor BU1 kan nyttast til forsamlingslokale
- 6.2.2: lagt til at det må gjerast trafikksikringstiltak innanfor o\_SKV4 ifm. stenging av vegen
- 6.5.1: lagt til eit maksimumskrav for parkering i barnehage, ikkje berre minimumskravet.

**Endringar i planskildringa:**

- Er skrive meir og forklarande i samandraget, kap. 1, om skulen sine spesielle tilhøve.
- Kap. 8 er oppdatert ift. det nye plankartet
  - 8.1: er skrive meir utfyllande om planforslaget
  - 8.4: oppdatert ift. nye arealføremål
  - 8.6: årsverk til skulen er auka med 50 istadenfor 40 slik at det er rom for å utvide lærarstaben etter kvart som elevtalet aukar. Grunna mange elevar med spesialbehov, enn i ordinær offentleg skule, er det også trong for ein ekstra stor lærarstab på skulen. Det er også lagt inn eit maksimumskrav for parkering for barnehagen og ikkje berre eit minimumskrav slik som tidlegare.
- Kap. 11: skrive meir forklarande om prosjektet

Venleg helsing

*Hedvig G. Olsen*

Hedvig Godvik Olsen

Landskapsarkitekt - Planlegger

Tlf: 46 41 98 15 / 55 31 95 00

E-post: [hgo@ardarealplan.no](mailto:hgo@ardarealplan.no)

**Vedlegg:**

1. Plankart
2. Illustrasjonsplan og snitt
3. Planskildring
4. Føresegner
5. Alle merknader ved varsling
6. Oppsummering av merknader ved varsling
7. Støyrapport
8. Trafikkvurdering
9. VA-rammeplan